

Skisamlinga er i gang.

21.11.2015



Klar til trening!

Klokka 10 i dag møtte om lag 30 barn til treningssamling i langrenn. I tillegg var det møtt opp 6 trenarar og ein god del andre hjelparar frå foreldregruppa. På grunn av at det var blitt såpass glatt at det vart problem for rulleskitrening, vart det nokre omleggingar av programmet, som likevel vert variert og godt.

Etter oppstartsamling la dei ulike gruppen ut på tur i den første økta. Dei yngste køyrde opp dalen, fann sola og tok turen opp gjennom skogavegen. Mellom gruppa jogga frå skulen, opp Døsslandssida om kalkestasjonen, og så skulle dei vidare om Ådnaklett på veg tilbake til skulen. Den eldste gruppa hadde Solfjell som sitt turmål. Etter denne første turøkta skulle det vera lunsj, smørjekurs, frukt, nye treningsøukter og ulike aktivitetar før dagen vert avslutta med middag og sosialt samvær i kveld.

I morgon er det planen at alle skal få snø under skia. Dei eldste reiser til Valldalen i Røldal medan dei yngste skal trenå på Blådalsdemningen der det er 20 cm med snø.

Vi kjem tilbake med meir frå samlinga.



[Oppmøtesamling og informasjon.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland